

Sak 30-22 Økonomiplan 2023-26.

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtek slik økonomiplan for perioden 2023 – 2026.

2023:

Teknisk utstyr

Kr 3,3 mill. i hjullastar med utstyr for Melsgjerdet 3.

Kr 0,5 mill. i mindre investeringar i drifta som beholdarar, containerar, programvare og liknande.

Kr 5,3 mill. Innføring av plastsortering for dei med avfallsbrønner – bytte av oppsamlingseiningar.

2024:

Bygg og faste installasjonar

14,0 mill. kr. i HMS, støy og brannsikring bygg C i Torvmyrane.

10,0 mill. kr i oppsamling av brannvatn, etablering av ny oljeavskiljar og infiltrasjonsanlegg i Torvmyrane.

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som behaldarar, containerar, programvare.

Kr 4,0 mill. Innføring av kjeldesortering for fritidshus. (10 nye anlegg inkl. nedsetting)

Kr 1,0 mill i rullekomprimatorar for papp og trevirke

2025:

Bygg og faste installasjonar

4,7 mill. kr i takoverbygg frå og med hageavfall til og med bygg D i Torvmyrane.

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som behaldarar, containerar, programvare.

Kr 3,5 mill. i innkjøp og montering av Rfid. brikker med leseutstyr i bil.

2026:

Bygg og faste installasjonar

Kr 13 mill kr. i innløyising av opsjonstomt på Melsgjerdet 3.

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som behaldarar, containerar, programvare.

2.

Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden, vil om det syner seg aktuelt, få sin finansiering i eiga sak og eige vedtak i eigarkommunane våre.

3.

Fossilfrie varebilar vert å lease. Fossilfrie lastebilar basert på biogass vert å ta i bruk ved etablering av evt. biogassanlegg.

Saksutgreiing

Samandrag:

Tilrådinga er i tråd med vedteken Strategi og handlingsplan for same periode, og er ei vidareføring av økonomiplanen for perioden 2022-2025.

Dei store pengane i denne økonomiplanen er Ytre Miljø og HMS oppgradering av anlegget i Torvmyrane 29.

Det gjeld oppsamling og kontroll på evt. utslepp. Det gjeld støytiltak, brannsikring, tak over all avfallshandsaming.

Av mindre tiltak er det oppgradering av mottakspunkta for avfall frå fritidshus til anlegg med kjeldesortering som drar av garde med dei største midlane. Dette for å møte MD sitt krav om kjeldesortering av avfall frå fritidshus frå 2025.

Økonomiplanen handlar såleis først og fremst om å følgje opp statlege krav. Evt. brannvatn skal samlast opp. Regnvatn og vatn frå snøsmelting frå avfallsanlegg skal gjennomgå reinsing før det vert slept til overvassleidning, avlaupsanlegg. All avfallsbehandling skal foregå under tak. Risiko for brann skal forebyggast og minimerast ved bruk av automatiske sløkkjeanlegg. HMS må og prioriterast, ved å redusere støyeksponeering av dei tilsette og tunge løft.

Vidare følgjer ein opp nasjonal avfallspolitik og vedteken strategiplan for VØR som har fire mål:

- Materialgjenvinning på minst 60 % innan 2025 ut frå gjenvinnar.
- Redusere klimautslepp.
- Digitalisering for å betre tilgang på informasjon og sanntidsopplysningar til innbyggjarane.
- Stimulerer innbyggjarane til ombruk og redusert forbruk gjennom informasjonstiltak.

Trongen for investeringar i perioden, vil krevje at låneramma vert auka i 2024.

I høve gebyr er det lagt opp til å følgje løns og prisstigning på 3,0 % årsvekst. Prisstigninga ilag med auken i CO2 skatten er sterkare enn 3,0 %, men her er etter kvart og eit bra overskot sjølvkostfond som må betalast tilbake. Vi tenker at den tar toppfinansieringa i 2023 og 2024.

Saksgang på økonomiplan.

Representantskapet skal etter Lov om Interkommunale selskap § 27 og vedtekter for selskapet § 7 vedta økonomiplan for selskapet for dei komande fire år. Og det skal gjerast årleg

Planen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan og kjem med tilråding frå styret til representantskapet. Vedteken økonomiplan er grunnlaget for neste års drifts og investeringsbudsjett.

Tiltak og gebyrmessig effekt det enkelte år.

2023

Investering

Første året i økonomiplanen vert «eit kvileår» med omsyn til bygningsmessige tiltak.

Invistering i driftsmiddel

Vi legg opp til å finansiere hjullastar på Melsgjerdet som er inngått kontrakt om i 2022, og som vert levert i 2023.

Vidare investerar vi i nedgravne anlegg, ved at innmaten i to av brønnane i dei nedgravne anlegga vert bytta ut med ein delt for glas og metall. Det frigjer ein brønn for plastemballasje, slik at dei med nedgravne anlegg får eit tilbod og dermed same kravet på seg om reinlevering av papp / papir som dei med behaldar. Dette er del av kvalitetssatsinga frå siste åra for å nå overordna mål om å levere reine fraksjonar vidare, som faktisk kan materialgjenvinnast.

Personalressursar.

I 2023 planlegg vi også å fokusere meir på kvalitet på miljøstasjonen. I dag har vi ein person fast i miljøstasjonen som har ansvar og kompetanse til å ta imot farleg avfall. Frå våren 2023 vil vi i tillegg ha ein framme på linja for rettleiing og for å sjå etter at sorteringa vert rett utført.

Nasjonal merkeordning

Denne er vedteken, og ved at innbyggjarane uavhengig av kvar ein er, møter same fargesymbol og emblem i heile landet meiner ein vil betre kvaliteten og redusere feilsortering. I eit meir og meir mobilt og globalisert samfunn er dette eit viktig tiltak. Vi er i gang, men erfarer at arbeidet er tidkrevjande. Vi har stipulert at kostnaden med tiltaket, nærma seg kr 100,- pr abonnement. Vi vel derfor å ikkje prioritere systematisk merking. Derimot satsar vi på å merke i samband med bytte av behaldarar og utlevering av nye behaldarar, og slik ta det gradvis over fleire år.

Papirpose for matavfallet

Vi planla å innføre frivillig papirpose for matavfallet i 2022, til erstatning for grøne plastposar som er nytta fram til denne tid, etter vedtak tidligare i kommunestyra våre. Det greier vi ikkje.

Tiltaket vert derfor prioritert i 2023. Dette vil auke kvaliteten på det innsamla matavfallet og redusere «rejekt», som er fagordet for «utsortert restavfall frå matavfallet.» Ordninga vert å evaluere seinast i 2023, om det skal verte ei pålagt ordning frå 2024. Papirposar er dyrare enn plastposar både i innkjøp og utlevering (toler ikkje regn), og vil auke kostnadene våre.

Vi reknar med at ca. 1/4 av abonnentane vil nytte seg av ordninga i 2023.

Vi har ikkje lagt inn kostnadsauke som følge av tiltaket, då vi på same tid vil slutte å levere ut plastpose til innsamling av matavfall. Vi vurderar derfor gebyreffekten til å vere kr 0,-

Innsamlingsaksjonar på bygdene av farleg avfall (FA) / raud boks.

Tiltaket er vidareført i 2023 etter same mal som tidlegare. Vi har hatt nedgang i volum siste to åra og det er vanskeleg å måle effekten av tiltaket, men slik vi ser det, er dette eit viktig tilbod for å få auke i innsamla mengder FA og dermed reinare restavfall.

SSB sin konsumprisindeks for tenestesektoren, der arbeidskraft dominerer, syner prisauke no før effekten av lønsoppgjera er komne til, på 3,0 % siste 12 månadane. Dei lønsoppgjera som no er ferdig, syner oppgjer opp mot 4 %.

Avfall sektoren har vidare rundt 10 % vekst i kostnadene med levering av avfall første året med CO2 avgift. Det er venta vekst i avgifta i statsbudsjettet for 2023 også.

Vi rår til ein vekst i gebyr på kr 100,- pluss mva, og då er budsjettet saldert med bruk av fondsmidlar frå overskot 2020 på kr 4.030'

2024.

Investering bygg.

Vi planlegg å oppgradere miljøstasjonen i Torvmyrane i andre halvdel av 2024. Tiltaket vil truleg ha ei byggetid på fram mot eit år. Grunn at vi og skal ha ordinær drift i perioden, Det må planleggast slik at arbeidet startar tidleg på hausten og vert avslutta før ferien året etter. Avskrivningseffekt andre halvår 2025.

Vi slutfører vidare utbygging av kjeldesortert mottakspunkt for fritidshus.

Overskot

2025.

Investering

Vi slutfører oppgraderinga av Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Drift

Ingen særskilde tiltak er planlagt i drift dette året. I 2024 eller 2025 vil det vere aktuelt med innsamlingsordning for hageavfall, jfr MD sitt krav om innsamling av organisk avfall. Dette er ikkje saksutgreidd enno, så vi veit lite om kostnaden med det. Men den vil neppe vere særleg ulik innsamlingsordning for raud boks, som er stipulert til kr 40,- pr. abonnement.

Vidare innfører vi Rfid brikker på behaldarane med leseutstyr på bilane. I rekneskapen minkar avskrivningane på raud boks, kværn og avfallsbeholdarar gjort i 2018. Vi meiner at tiltaket såleis ikkje skal generere auka gebyr.

2026

Investering

Utløysing av opsjonstomt på Melsgjerdet.

Prosjektering av opsjonstomta, slik at den kan gjerast byggeklar i 2027 eller 2028.

Kva vurderingar ligg til grunn for nysatsingane i økonomiplanen.

Planen bygger på vedteken strategiplan og økonomiplan for perioden 2022-2025.

VØR nådde vel 54,4 % materialgjenvinning i 2021, medan nasjonalt mål var 50 %. Nasjonalt er kravet at bransjen skal nå 55 % materialgjenvinning i 2025. 60 % i 2030 og 65 % i 2035.

Å auke gjenvinninga frå rundt 55 % og opp til 60 % vert krevjande, men slik vi ser det, er det mogleg, sjølv om målemetoden vert endra frå 2025. Då skal målet registrerast ut frå gjenvinnar som faktisk levert gjenvinning, og ikkje inn til gjenvinnar som i dag.

Det tar tid å auke materialgjenvinninga, så ein må vere i gang med tiltak før fristane i årstal som er sette av storting og regjering er der.

Dette blir krevjande å nå med så høge kvalitetstrekk som vi i 2022 har på tunge fraksjonar som matavfall, papir og plast.

Ved ei medviten statsing på ein kombinasjon av kvalitet, målretta kommunikasjonstiltak og innsamling av nye materialgjenvinningsfraksjonar, kan vi nå målet. Administrativt peikar vi på innsamling av hageavfall som aktuelt.

Innsatsen må uansett vere kunnskapsbasert. Vi har derfor lagt inn vidareføring av plukkanalyser som årleg syner tilstand, stikkprøvebasert kvalitetskontroll og brukarbetaling ved feilsorering, som viktige tiltak i perioden.

Materialgjenvinningsmålet er av representantskapet i 2021 sett 5 % høgre enn nasjonale mål, og er ikkje foreslått endra.

Klima

Punktet om klima kjem frå klimaforliket som eit samla storting står bak. Konkret er målet 20 % reduksjon av utslepp av klimagassar samanlikna med referanseåret 2010.

Vi har alt gjort fleire tiltak, men det er fleire vegval som kan gi mindre klimaavtrykk.

- Slutthandsaming av avfallet lokalt med etablering av biogassanlegg gir størst effekt.
- Komprimering av avfall før varene vert sende ut. Frå 2023 vert papir, plast og papp pressa i 4-500 kg ballar. Vidare vil lagring av trevirke under tak gi fulle lass frå og med sommaren 2022. Ein får nytta lastekapasiteten på det som vert sendt ut, (mindre fukt). Lågare vekt pr fullt lass vil dessutan gi lægre drivstoff forbruk.
- Å nytte lastbærarar med høg netto laste evne. Vogntog med lasteevne på 60 tonn og med 25,25 meters lengde kjem no i Noreg etter å ha vore standard i Sverige i fleire tiår. E-39 er opna for slik bruk til tømmertrafikk. Likeså deler av det øvrige vegnettet. VØR treng det og på kommunale vegar som Torvmyrvegen, og vi treng det på fylkesveg 655. Ingen av dei har det i dag. Melsgjerdet 3 er bygt for å handtere vogntog med slik lasteevne.
- Endre energiform på bilane, frå fossil energi til fornybar energi. Eg foreslår derfor å bytte ut varebilane med elektriske motorar i 2023. Storbilane må vente til teknologien er meir moden, alternativ at bilane vert bytta ut med biogass drivne motorar.
- I innkjøpssamanheng stille krav om lastbærarar som kan ta med opp mot 40 tonn nyttelast.

Økonomiplan 2023-26 mot økonomiplan 2022 -2025.

Disse to planane er svært like. 2023-26 planen er ei vidareføring av 2022-25 planen, men der året 2023 framstår som meir «eit kvileår» i investeringar i bygningsmessige tiltak, enn i 2022-25 planen.

Status låneramme

Investeringane i første del av økonomiplanen er lagt opp slik at vi held oss innfor låneramma på 130 mill. kr.

I 2023 vil vi betale 8,4 mill. i avdrag.

I 2024 må låneramma utvidast av kommunane, for å kunne finansiere utbygginga i Torvmyrane på nær 30 mill kr.

Biogass

Evnt. Biogassanlegg er ikkje med i økonomiplanen. Dert krevst eit samarbeid mellom fleire for å kunne realiserast dette, og det ligg fortsatt fram i tid.

Kommunestyra bad i 2020 om at det kjem eiga sak dit. Vi ser det då slik at det naturlege vil vere at kommunestyra då også tar stilling til VØR sin deltaking i finansieringa av slikt anlegg.

Sjølvkostfondet

I økonomiplanperioden er det lagt opp til at fond hushaldning skal vere tilnærma i balanse. Vi har eit opparbeida fond på 8.009' mill. kr pr utgangen av 2022 som må tilbakeførast innan 2026. Vi planlegg å gjere det i 2023 og 2024.

Andre faktorar

Gebyrinntektene skal balansere med kostnadene. Det inneber at alle investeringar i planperioden vert å finansiere med låneopptak, og avskrivast i objektet sin levetid.

Vi har lagt til grunn 3,0 % årsløns og prisstigning for 2023 og vi er innstilte på å drive med omstillingstiltak. Men det er usikre tider. Med krig i Ukraina, rente på veg opp, mangel på arbeidskraft og ei mindretalsregjering som skal fase inn Co2 avgift på avfallsforbrenning og transport, er det nesten umogleg å spå prisstigninga av det som ligg meir enn eit år fram i tid.

Inntekspotensialet er nær utnytta. Fordi vi har hatt avgrensa ressursar i 2021 og 2022 bør det likevel gjennomførast ein kvalitetskontroll i 2023, for å kontrollere at alle som skal betale faktisk betalar gebyr. For fritidshusa må det kontrollerast at dei er plassert i korrekt kategori. Vidare er det ein rettskraftig dom frå Eidsiva lagmannsrett som plasserar ansvaret for renovasjon frå utleigehytter hos kommunane. Disse bør leggest inn frå 2023. Om dette gir så mykje meir inntekter er uklart, men det gir i alle fall meir likebehandling, som og er viktig.

Oversyn gebyrutvikling i perioden inkl. omstillingstiltak.

År	Standardgebyr
2023	kr 3195,20
2024:	kr 3395,20
2025	kr 3595,20
2026	kr 3795,20

Samanlikning i gebyr mot naboselskapa.

Heimesidene til kommunane og SSB tal, syner slike standardgebyr i 2022, eks .mva.

Stranda	kr 4095,00
Sula	kr 3859,00
Hareid/Ulstein	kr 3518,40
Stadt og Stryn	kr 3476,50
Volda/ Ørsta	kr 3095,20

Slik vi ser det, vil vi ha billigare gebyr enn kommunane rundt oss også i åra som kjem.

Skjematisk oversyn over investeringane det enkelte år.

2023

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
	0,-

Teknisk utstyr	Sum
Hjullastar kjøpt 2022.	Kr 3.300.000,-
Utskifting av innmat i nedgravne avfallscontainerar	Kr 5.300.000,-
Mindre investeringar i behaldarar, containerar og programvare	Kr 500.000,-
Sum	Kr 9.100.000,-

2024

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
HMS og miljøoppgradering i Torvmyrane	Kr 24.000.000,-

Teknisk utstyr	Sum
Innføring av kjeldesortering for fritidshus	Kr 4.000.000,-
Mindre investeringar i behaldarar, containerar og programvare	Kr 1.000.000,-
Rullekomprimatorar for papp og trevirke	Kr 1.000.000,-
Sum	Kr 30.000.000,-


2025

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
Takoverbygg for avfall i Torvmyrane	Kr 4.700.000,-

Teknisk utstyr	Sum
Mindre investeringar i behaldarar, containerar og programvare og liknande	Kr 1.000.000,-
RFID brikker og styringssystem i bilane.	Kr 3.500.000,-

2026

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
Innløysing opsjonstomt Melsgjerdet	Kr 13.000.000,-


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Conplan: Prosjektering og ombygging av miljøstasjonen

PROSJEKT:

PROSJEKTERING OG OMBYGGING AV
MILJØSTASJON



FOR

VOLDA OG ØRSTA REINHOLDSVERK

VØR

VOLDA OG ØRSTA REINHOLDSVERK

Torvmyrane 29

v/ Petter Bjørdal

6160 HOVDEBYGDA

22.05.2022

**INVESTERINGSBEHOV OMBYGGING/TILPASSING AV ANLEGGET TIL VØR I
TORVMYRANE 29, ØRSTA KOMMUNE**

Conplan har fått i oppdrag av VØR og kalkulere tilpasninger til endret drift ift. dagens drift pga. flytting av deler av driften til nytt anlegg Melsgjerdet.

Oppdraget er oppdelt i flere nødvendige tiltak og omhandler kalkyle, samt skisser.

Tiltak A Endret mengde fraksjoner som skal leveres i Miljøstasjon

Tiltak B Bedre støyisolering i Miljøstasjon.

Tiltak C Branntiltak ved endret bruk av Miljøstasjonen.

Tiltak D Nytt Mottakspunkt for isolerglass. Tilrettelegging med kran for håndtering av glass.

Tiltak E Etablere vegger på tre sider av bygg B.

Tiltak F Takoverbygg med vegger i tre retninger fra Hall D til betonggrop for hageavfall.


Tiltak A: Endret mengde fraksjoner som skal leveres i Miljøstasjon.

Dagens Miljøstasjon skal få en utvidelse av sorteringsalternativ med flere fraksjoner. I dag benyttes 8m³ hullasterkasser til papp, trevirke til materialgjenvinning, metall, brennbart restavfall. Det skal nå gå fra sortering i 8m³ containere til 35/41m³ containere og med ny fraksjon hardplast. Dette medfører ombygging av dagens situasjon med nye gangbaner for å kunne levere avfall i større containere på en trygg og effektiv måte.


Det er snakk om plassering av 6 slike containere med 6 nye tilhørende gangbaner. Det skal også monteres styreskinner i gulv for å lette plasseringen av containere ved gangbaner. Videre må dagnes gjerde og porter bygges om for å tilpasses ny løsning. Ved montering av gangbaner skal det tas hensyn til nødvendig passasjer med truck / sneller for å komme til lager under plan 2 mellom akse B/D.

Gangbaner skal leveres med skliskikker overflate i galvanisert stål. Resterende stålkonstruksjoner og rekkverk leveres galvanisert og pulverlakkert i RAL 2002, som eksisterende stålkonstruksjoner.

Se skisse under for plassering av containere og gangbaner.



Se skisse av snitt under for plassering av gangbaner.



Det skal også monteres rullekomprimatorer inne i miljøstasjonen for to fraksjoner. Det gjelder papp og trevirke. Dette for å få opp vekta på disse fraksjonene og unngå omlasting av fraksjonene som i dag. Dette vil gi bedre logistikk for VØR. I forbindelse med dette må det også installeres ett sikkerhetssystem som unngår att komprimatorer brukes når det er personer i nærheten.

Kalkyle på levering og montering av rullekomprimator er ikke medtatt her og vil bli handtert i egen konkurranse av byggherren.

Skisse av rullekomprimator.



Tiltak B Bedre støyisolering i Miljøstasjon.


Det anbefales å etablere ett røykskille mellom dei to gulvnivåene i Miljøstasjonen ift. bedre effekt av dei to ulike sprinklerløsningene. Denne skilleveggen vil kles med støyabsorbenter for å bedre lydbilde i Hallen, da dette er ett problem og det er påvist for høye verdier på støy. Disse tiltakene, samt andre tiltak skal bedre verdien fra utarbeidet støyrapport med minimum 20%.

Det er videre tenkt å utføre samme tiltaket med støybaffler som er benyttet mellom akse A og B i dagens hall. Omfang vist på snitt under.

Det er også anbefalt å montere lydabsorbenter i arealer for spesialavfall, byttevarer og verksted. Det er i disse arealene det pågår mest manuelt arbeid. Dette er anbefalinger fra akustikker, men ved en detaljprosjektering kan det være aktuelt med andre tiltak også.

I dei tre overnevnte rommene skal det monteres akustikkplater i himling og en platehøyde på vegg mot himling.

Se skisse av snitt under for forslag plassering nye baffler også i øver del.



Tiltak C Branntiltak ved endret bruk av Miljøstasjonen.

Ny bruk og sortering i flere fraksjoner øker også brannbelastningen i Miljøstasjonen og det må gjøres ytterligere tiltak for å hindre / slukke branntilløp/brann i Miljøstasjonen.

Vi har sett på flere alternative løsninger og vil anbefale en kombinert løsning med Deluge/skum sprinkling for arealer med lagring i containere(akse A-B) og tradisjonell sprinkling i resterende arealer i form av ett tørranlegg.

Skumminnblanding i sprinkleranlegget gir bedre slukkeeffekt enn vått sprinkleranlegg. Med denne løsningen får man både effekt av kjøling og kvelning av brannen. Det vil da legges et kvelende skumlag over arealet. Vannet fra et vanlig sprinkleranlegg kan være vanskelig å få ned til brannen i avfallshauger.

Mindre vannbehov – mindre volum som må samles opp og transporteres bort for rensing (spesialavfall) etter utløst anlegg. Miljømessig og økonomisk fordelaktig på sikt. Mindre tankstørrelse. Mindre arealbehov, mindre ferskvann som trengs. Slukkevannstank skal tømmes og rengjøres hvert 10. år. Løsning er dokumenteres ihht norm NS-EN 13565-2. Den opprinnelig beskrevne løsningen er hentet fra et regelverk som ikke er vedtatt enda.

Det er ikke tilstrekkelig slukkevann opplagt til anlegget. Er en 50mm vannledning til dagens Miljøstasjon, så det foreslås montering av en ny vanntank på 200m³ for å kunne ha nok slukkevann ved en brann. Dette medfører ett pumpeanlegg som er tenkt plassert i eget isolert bygg ved ny vanntank. Som vist på skissen under på neste side.

Deteksjon

Det er tenkt flere typer detektorer her for å få best mulig løsning i hvert areal: Optisk røykdetektor i kontorarealer, reagerer på røyk. Vanlig sprinkleranlegg i denne delen aktiveres av smeltesikring i sprinklerhodet og ikke av deteksjonsanlegget.

Multikriterie detektor i sorteringshall, reagerer på varme/røyk, og har muligheten for å justere sensitivitet betraktelig mer enn optisk røykdetektor.


Deteksjonsprinsipp er valgt etter ønske om tidlig varsling, men samtidig gi tid til å slukke manuelt før slukkeanlegg aktiveres. For å redusere antall uønskede utløsninger av slukkeanlegget, er det lagt opp til to alarmnivåer. IR-kamera og/eller en enkelt detektor gir tidligvarsel (brannalarm). Anlegg løses ut når det er signal fra to ulike detektorer. Om det gis signal fra en detektor i to ulike soner, vil anlegget løse ut i begge sonene. En detektor og manuell melder utløser også slukkeanlegg. Manuell soneutløser på koblingsskap for slukkeanlegg.

Det anbefales videre å etablere ett røykskille mellom dei to gulvnivåa i Miljøstasjonen. Denne skilleveggen vil også kles med absorbenter for å bedre lydbilde i Hallen, da dette er ett problem og det er påvist for høye verdier på støy.


Oppsamling av slukkevann

Forurenset slukkevann kan ikke ledes til kommunalt anlegg. Det må derfor etableres ett lukket system med tankkapasitet til den totale slukkevannsmende ved eventuell brann. Det tenkes en løsning med nedgravde tanker på totalt 200 m³. Videre må det installeres kummer med ventiler som stenger normalavløp og åpner mot tankanlegget. Tanker må tømmes med pumper.

Skisse av plassering ny vanntank og nytt teknisk rom, samt nødvendige natursteinsareal.



Skisse av snitt sprinkling, røykskille.



Overnevnte tiltak er krav som settes av byggherre da de har erfaringer med branner og tilløp til branner i dette anlegget, samt mange tilsvarende anlegg i landet.

All erfaring tilsier att her vil komme flere branner/branntilløp i slike type anlegg og det ønskes derfor å sette kravene strengere enn minimumskravene i gjeldende teknisk forskrift. Dette gjøres ved installering av ett kombinert sprinkler anlegg.

Krav under bygger på slike skjerpet krav satt av tiltakshaver. Det gir også reduserte krav for blant annet brannceller m.m. på bygningen, ettersom bygningen er sprinklet:

Krav / ytelse som bygget skal oppfølge:

Bygningen §6-1	:	2 tellende etasjer
Gjenvinningshall §11-2	:	Risikoklasse 2
1 etg. bygg §11-3	:	Brannklasse 1
Berende hovedsystem §11-4 (1)	:	R 30
Sekundære bærende bygn.deler, etg. skiller §11-4 (1)	:	R 30
Bærende og Sekundærbærende bygn.deler, etg.skiller, bærende for øverste etasjen og taket §11-4 (1)	:	R 15 eller A2-s1,d0 [ubrennbart materiale]
Trappeløp §11-4 (1)	:	-
Utvendig trappeløp §11-4 (1)	:	-
Brannseksjoner §11-7	:	Inntil 10000 m2 med sprinkleranlegg >> 1167 m2
Seksjoneringsvegg §11-7	:	-
Røykventilasjon §11-8/17	:	-
Brannceller §11-8 (1)	:	EI 30 (B30) generelt.
Eigne brannceller §11-8 (1)	:	Hallen ei branncelle, inkl. alle tilhørende rom
Dører / porter i branncellevegg §11-8 (1)	:	-
Vertikal brannsmitte §11-8 (1)	:	-
Kledninger og overflater innvendig §11-9 (2):	:	Kledning K10/ D-s2, d0 (K2)
Overflater på ytterkledn. §11-9 (2)	:	Ytterkledning : D-s3, d0 (Ut2)
Ventilasjonsanlegg §11-10	:	-
Sprinkleranlegg §11-12	:	RIV beskriv sprinkler- anlegget og nytter relevante standarder / normer tilpassa denne bygningen
Brannalarm §11-12	:	Kategori 2
Ledelys §11-12	:	Ledeslys over to dører
Utgang fra branncelle §11-13	:	Dører i kvar av endene ut fra publikumsarealet
Bredde på dør til rømningsvei §11-13	:	I risikoklasse 2 min. fri bredde 0,9m (10-11M)
Trapperom §11-13	:	-
Brannslukkeutstyr §11-16	:	Det skal vere handsløkkeapparat eller brannslanger som dekker areala.
Vassforsyning til brannslukking (brannvesenet) §11-17	:	Det må vere 2stk. brannkummer / brann-hydranter tilgjengelig i prosjektet, den eine 25-50m fra inngangen til hovedangrepsvei. Vassmengde = 50 l/sek.

Lista her er ikkje uttømmende, og er berre ment som et hjelpemiddel no i en tidlig fase av prosjektet.

Tiltak D Nytt Mottakspunkt for isolerglass. Tilrettelegging med kran for håndtering av glass.

Det skal etableres ett mottakspunkt for isolerglass som defineres som farlig avfall. Dette er tenkt etablert i 1. etasjen på dagens administrasjonsbygg. Dette skal etableres i Hall A ved port 11. Har fått inn budsjettpris på løsningen under fra Kone Cranes. Løsningen er vist under. Arealet er på ca. 62m² og med bredde 5,18meter og lengde 11,9meter.

Ser for oss att dette monteres på stålsøyler med fotplater som boltes til dagens betonggulv. Her er hulldekker i tak og det kan være utfordrende å henge dette opp i taket og få nødvendig dokumentasjon på dette. Endelig løsning blir avklart under detaljprosjekteringen.

Skisse av forslag til løfteanordning for nytt lager glasshandtering.



Bilde av arealet i 1.etasjen eksisterende administrasjonsbygg som er tiltenkt til mottak av glass/isolerglass.



Tiltak E Etablere vegger på tre sider av bygg B.

Bygg B er ett åpent lagerareal med tak. Dette skal no kles med vegger på tre av fire fasader. Sør, vest og nord. Åpent mot Øst. Dette arealet er tenkt benyttet til lagring av tom-emballasje for farlig avfall og ferdig pakka maling i IBC. Er for mye nedbør som driver inn med dagens løsning som ikke er ønskelig framover.

Vegger bygges med betongbrystning fra bakken og ca. 1 meter opp. Videre benyttes stål sandwich vegg elementer som monteres på dagens stålsøyler. Det monteres også leddbelysning i tak.


Bilde av arealet i takareal som det skal bygges vegger på tre sider.




Tiltak F Takoverbygg med vegger i tre retninger fra Hall D til betonggrop for hageavfall.

Arealet fra Hall D til og med binger for hageavfall skal bygget tak og vegger rundt. Det blir nye forlengede vegger imot Sør og Vest på dagens betongkonstruksjon, åpent mot Nord. Åpningen mot nord skal min. være 7,5meter høy og takkonstruksjonen skal ikke komme lavere en 7,5meter. Taket skal stikke 11 meter fram ift. betongvegg binger. Dette gir ett areal på 460m2 BTA.

Skisse av snitt takoverbygg hageavfall.



Skisse av nytt takoverbygg hageavfall mm.



KOSTNADER TILTAK A, B, C, D, E og F

Kalkyle		Ombygging Miljøstasjon	Løfteanordning mottak gl.	Vegger 3 side utelager	Tak over hageavfall
Prosjekt nr.	Byggherre	A, B, C	D	E	F
3294.014	VØR				
Data	22.05.2022	BRA		BTA	BTA
Rev.	Ombygging Hovedbygda	1 533		97	460
1. Felleskostnader					
11. Rigging etc.		348 000	12 000	28 750	264 000
15.3 Bygningsmessig VVS		0	0	0	0
15.4 Bygningsmessig EI- og tele		0	0	0	0
Sum 1. Felleskostnader		348 000	12 000	28 750	264 000
2. Bygning.					
20. Utv. Nytt teknisk rom		207 000	0	0	0
21. Grunn og fundamenter		333 500	0	0	161 000
22. Bæresystemer		0	0	0	1 406 250
23. Yttervegger		0	0	287 500	522 000
24. Innervegger 136m2		246 000	0	0	0
25. Akustikkiltak		797 500	0	0	0
26. Yttertak		0	0	0	690 000
27. Styreskiner container		208 000	0	0	0
28. Trapper og ramper		1 313 000	0	0	0
29. Natursteinmur ved tank, teknisk		483 000	0	0	0
Sum 2. Bygning		3 588 000	0	287 500	2 779 250
3. VVS.					
31. Saniteær		0	0	0	55 000
32. Sprinkler Delage		520 000	0	0	0
33. Brannsløkking		750 000	0	0	0
36. Sprinklertank		650 000	0	0	0
37. Sprinklerpumpe el+ Diesel		580 000	0	0	0
39. Andre VVS installasjoner kjøkken		0	0	0	0
Sum 3. VVS		2 500 000	0	0	55 000
4. Elkraft.					
41. Basisinstallasjon for elkraft		96 000	24 000	18 000	55 000
43. Løspentforsyning		0	0	0	0
44. Lys		24 000	0	72 000	245 000
Sum 4. Elkraft.		120 000	24 000	90 000	300 000
5. Tele- og automatiseringsinstallasjoner.					
51. Basisinstallasjon for tele og automatisering		0	0	0	0
52. Integriert kommunikasjon		0	0	0	0
53. Telefoni og persønsøking		0	0	0	0
54. Alarm og signalsystemer		400 000	0	0	0
55. Lyd og bildesystemer		0	0	0	0
56. Automatisering		0	0	0	0
59. Andre tele- og automatiseringsinstallasjoner		0	0	0	0
Sum 5. Tele og automatiseringsinstallasjoner.		400 000	0	0	0
6. Andre installasjoner.					
62. Person og varetransport (Heis)		0	253 000	0	0
63. Transportanlegg for småvarer		0	253 000	0	0
Sum 6. Andre installasjoner.		0	506 000	0	0
HUSKOSTNAD (Sum 1-6)		6 956 000	289 000	406 250	3 398 250
7. Utendørs.					
72. Utendørs konstruksjoner		1 100 000	0	0	0
73. Utendørs røranlegg		1 200 000	0	0	0
Sum 7. Utendørsanlegg.		2 300 000	0	0	0
ENTREPRISEKOSTNAD (Sum 1-7)		9 256 000	289 000	406 250	3 398 250
8. Generelle kostnader.					
82. Prosjektering		890 000	25 000	33 000	231 000
83. Administrasjon		506 000	30 000	49 500	214 500
84. Bilkostnader		16 500	5 000	5 000	10 000
85. Forsikringer, gebyr, o.l.		30 000	0	0	60 000
Sum 8. Generelle kostnader.		1 442 500	60 000	87 500	515 500
BYGGKOSTNAD (Sum 1-8)		10 698 500	349 000	493 750	3 913 750
9. Spesielle kostnader.					
91. Løst inventar og utstyr		0	0	0	0
93. Finansieringskostnader		0	0	0	0
Sum 9 Spesielle kostnader		0	0	0	0
10. Meirverdiavgift MVA					
10.1 Merverdiavgift inn		0	0	0	0
10.2 Merverdiavgift ut		0	0	0	0
Sum 9 Spesielle kostnader		0	0	0	0
BASISKOSTNAD (1-10)		10 698 500	349 000	493 750	3 913 750
11. Forventede tillegg					
11.1 Forventede tillegg		534 925	17 450	24 688	195 688
Sum 11 Forventede tillegg		534 925	17 450	24 688	195 688
PROSJEKTKOSTNAD (1-11)		11 233 425	366 450	518 438	4 109 438
12. Usikkerhetsavsetning					
12.1 Usikkerhetsavsetning		1 604 775	52 350	74 063	587 063
Sum 11 Usikkerhetsavsetning		1 604 775	52 350	74 063	587 063
KOSTNADSRAMME (1-12)		12 838 200	418 800	592 500	4 696 500

Forventede tillegg: 5,0 % av Byggekostnad (sum 1-8)
 Usikkerhetsavsetning: 15,0 % av Byggekostnad (sum 1-8)

Fase
 - Utredningsfase

Ikke medtatt.
 - Meirverdiavgift (mva)
 - Løst inventar og utstyr

Forutsetninger
 - Kalkyle basert på erfaringstall, norsk prisbok, holte kalkulasjonsnøkkel pr. 01.02.2022
 - Gjennomføres som hovedentreprise

Det er i kostnadsoppsett over ikke medtatt kostnader for finansiering eller inventar da disse ikke er kjent. Byggherren må vurdere størrelsen på disse kostnadene.

Det er en uoversiktlig kostnadsutvikling i markedet om dagen og etter 01.02.2022 har prisene økt på flere områder. Tekniske fag får no stadig varsel om prisøkninger på det meste i tillegg til prisøkningene vi har hatt og har på alt av metall og andre byggevarer.

Opererer med usikkerhet på 15% i denne kalkylen. Mulig den skulle vært det doble, men vil tru att den ubalansen vi ser i markedet rundt oss vil på ett tidspunkt stabilisere seg og vi vil da igjen få en litt mer oversiktlig situasjon.

Er ett meget krevende marked å kalkulere i, men har brukt dei siste tilgjengelige prisene, samt priser på prosjekt vi nettopp har fått inn.

Håper dette gir nødvendig informasjon. Vi står gjerne til tjeneste med ytterligere opplysninger om ønskelig.

Med vennlig helsing
Conplan as

Idar Moldskred
- daglig leder -